

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
UTBYGGINGSAVDELINGA

BFR/sh

RAPPORT

VURDERING AV SKREDFARE OG SIKRINGSTILTAK FOR
REGULERT BUSTADFELT I SEIMSDALEN - ÅRDAL

INNLÆRING

På spurnad frå Årdal kommune, ved bygningssjef T. Christiansen, er det 28.2. og 26.7. 1978 gjort synfaringar i Seimsdalen for vurdering av skredfare og eventuelle sikringstiltak for nyetablert bustadfelt.

Synfaringa vart gjort i to avdelingar. Første gongen, 28.2.1978 vart ein rein rekognosering av terrenget tilhøva. Då vertihøva ikkje var gode, samstundes som det låg mykje snø og is oppetter fjellsida, vart det turvande å gjera ein meir detaljert og grundig undersøking seinare på året. Dette også avdi ein første gongen ikkje hadde til rådvelde eindel eldre skredrapportar frå Seimsdalen.

Ny synfaring vart så gjort 26.7.1978. Frå kommunen møtte bygningssjef og ing. A. Lavik. Sistnemnde var ikkje med på den første synfaringa.

GRUNNLAGSMATERIALE

Kartgrunnlaget i området er ikkje godt. Det eksisterar ikkje fullgode kart som samla dekker byggefeltet, fjellsida og platået ovanfor. For byggefeltet ligg det føre kart i målestokk 1:1000, medan det for øvste del av fjellsida og platået (Seimsåsen) på kote 700-800 ligg føre kart i målestokk 1:5000. Som oversynskart er nytta NGO's serie M711 : 1417I og 1417II, M = 1:50 000.

Utover dette er det stilt til rådvelde flybilete i målestokk ca. 1:8000. Ein har også hatt høve til å gå gjennom tidlegare rapportar som generelt gjeld skredfare i Seimsdalen.

STABILITETSVURDERING

Terrenget ovanfor byggefeltet i Seimsdalen, stig jamnt oppover til det flater av i kote 700-800 på Seimsåsen. Fjellsida har ein midlare skråningsvinkel på ca. 35° , sjå profil A-A^I, bilag 2. Dei brattaste partia har eit fall på rundt 50° .

Berggrunnen i området er ein finkorna ljós granittisk bergart. Sprekkemønsteret favoriserar ein kubisk oppsprekking. Dette fører til at lausrivne steinblokker som kjem i rørsle i fjellsida, lett får avkutta hjørner og vert kuleforma. Slike lausblokker vil kunne trille langt nedetter lia og representerar ein latent fare for byggefeltet.

På kartet bilag 3 er merka av dei registreringane som er gjort og som er av betydning for stabilitetsvurderinga av byggeféltet i Seimsdalen.

Seimsskrea gjekk sist ut i 1906. Det var då tale om eit seintflytande flaumskred som etter dei kjeldene ein har, nådde ned mot vegen i Seimsdalen. Denne skrea representerer ein fare for den nedre delen av den nordlege flanken av byggeféltet. Då dette skredet vart utløyst i tilknytning til oppdemming til oppdemming av småvatna på Seimsåsen, vil ein tru at Seimsskrea let seg kontrollera. Oppdemming eller liknande tiltak på Seimsåsen bør gjerast med varsemd.

Byggefeltet ligg noko utsett til med omsyn til Tuneteigskrea, sjå kartbilete. Det er påvist eit eldre skredfar (tunge) ned til kote 140. I kring skredtunga har ein funne eldre og nyare lausblokker. Desse er registrert ned til kote ca. 135.

Vest for Tuneteigskrea, er fjellsida dekka av fleire dominante urtunger. Mellom foten av desse og ned mot øvre del av byggeféltet er det påvist ein sverm av lausblokker av vekslande storleik. Lausblokkene er funne ned mot kote 130. Nye blokkutfall i fjellsida vil representera ein fare for dei øvre delane av byggeféltet.


Lengst i sør munnar det ut i byggeféltet fleire ravineforma flaum- og flaumskred laup. Desse vil representera ein fare for denne delen av byggeféltet.

SIKRINGSTILTAK

På grunnlag av dei observasjonar som er gjort, vil ein med omsyn til skredfare, ikkje rá til at øvre deler av byggeféltet i Seimsdalen vert nytta til bustadføremål. Dette gjeld med mindre det vert etablert tilfredsstilande sikringstiltak.

Aktuelle sikringstiltak i Seimsdalen vil vera bygging av sikringsvoll med grøft på oppsida. På kartet, bilag 3, er det teikna inn forslag til plassering av ein to-delt sikringsvoll. Dei to vollane er orientert noko på skrå i høve til kotene, og bør munna ut i kvart sitt ravinelaup. Med omsyn til utforming av sikringsvollen, viser ein til profilteikninga, bilag 4. Vollen vil kunne kombinerast med eventuell køyreveg. Dette siste bør vurderast, særleg med tanke på framtidig vedlikehaldsarbeid.

Leikanger, 12. september 1978


Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog